

Det Kongelige Nærings- og Fiskeridepartement

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
14/3232 - 3	601/ / &41	Terje Søviknes - 56575143		31.10.2014

Høyringsfråsegn frå Os Kommune **NOU 2014:4 Enklere regler - bedre anskaffelser**

Os kommune viser til departementet sitt høyringsbrev av 20.06.14 vedkomande nytt forenkla særnorsk regelverk for anskaffingar.

Det vert lagt opp til at det skal gjerast betydelege endringar i både lov og forskrift. Os kommune har nokre kommentarar til dei endringane som er foreslått.

Generelt er vi veldig glade for at arbeidet med å forenkla regelverket er i gang, då vi i dag brukar relativt store ressursar på små anskaffingar, og vi ser at det er heilt nødvendig å få større fleksibilitet i det nasjonale regelverket. Vi vil ha eit endra fokus frå det juridiske til det økonomiske for å kunne gjere dei "gode innkjøp". Dette får vi til med meir tillit til det innkjøpsfaglege skjøn.

Dei tema i høyringsfråsegna vi vil fokusera på er (i våre kommentarar nedanfor viser vi til den nummereringa som er brukt i NOU'en.):

1. Terskelverdiar (Kap. 13)
2. Prosedyrar for gjennomføring av konkurransar (Kap. 16)

1. Terskelverdiar (Kap. 13)

Utvalet sitt framlegg om å behalde nasjonal terskelverdi for varer og tenester på 500 000 kr er vi ueinige i. Transaksjonskostnaden er betydeleg høgare på anskaffingar over nasjonal terskelverdi, og forholdet mellom konkurransen sin verdi og transaksjonskostnaden vert lite føremålstenleg på konkuransar rett over nasjonal terskelverdi. Vi meiner at konkurranseelementet er sterkt nok òg under nasjonal terskelverdi, til at den kan aukast til 1 000 000 kr, og prisjusterast med jamne mellomrom. Det er nesten 10 år sidan denne terskelverdien vart endra, og prisauke åleine desse åra skulle tilseie ein auke på ca. 100 000 kr.

Konkuransar med verdi ned mot 500 000 kr har liten nasjonal interesse, og erfaring viser at det ofte er geografisk tilknytte bedrifter som gir tilbod på dei mindre oppdraga. Vi trur derfor at ein auke av nasjonal terskelverdi til 1 000 000 kr ikkje vil redusra konkurranseeffekten, eller påverka fordeling av oppdrag nasjonalt.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 30 75 26	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56575143		

Terskelverdi for bygge- og anleggskontraktar bør også aukast i tråd med det utvalet sitt mindretal foreslår. Kontraktar i denne kategorien kjem sjeldan under dagens nasjonale terskelverdi, noko som medfører ein barriere for å få gjennomført oppdrag av midre art som vedlikehald og ombygging.

Os kommune stør også Konkurransetilsynet sin høyringsuttale av 24.10.14 der dei rår til at departementet arbeider vidare med ei minimumsløysing for offentleg innkjøp etter dei nasjonale reglane, dvs. innkjøp under EØS-terskelverdiane.

Os kommune vil oppsummert rå til slike terskelverdiar i det nasjonale regelverket:

- For innkjøp under 100 000 kroner gjeld ingen formelle krav
- For innkjøp mellom 100 00 og 1 000 000 gjeld kun eit dokumentasjonskrav og ein *anbefaling* om å nytte konkurransemekanismar
- For innkjøp over 1 000 000 og under EØS-terskelverdiane gjeld i tillegg eit *krav* om å nytte anbudskonkurranse med offentleg utlysing

Eit slikt minimumsregelverk, der konkurransemekanismar alltid vil vere eit sentralt verkemiddel for å fremje effektiv bruk av offentlege midlar, vil etter Os kommune sin oppfatning gje eit betydeleg innsparingspotensial ved gjennomføring av offentlege innkjøp under EØS-terskelverdiane. Det vil skje utan at det går ut over konkurransen i lokale eller nasjonale marknader. Snarare tvert imot. Det vil senka terskelen for å nytte konkurransemekanismar ved at kostnaden med å nytte konkurranse vert redusert. Samtidig vil særleg terskelen for SMBs deltaking i konkurransen verte senka. Det vil også gje rom for betydeleg forenkling av *Veilederen for offentlige anskaffelser*, der fokus vert lagt på korleis effektive offentlege innkjøp kan gjennomførast snarare enn formalia.

2. Prosedyrar for gjennomføring av konkurransar (Kap. 16)

Utvalet sitt fleirtal vil gjera at forhandlingar blir mogeleg og ein valfri del av alle konkurransar. Dette ser vi på som veldig positivt, og som eit viktig verktøy for å vri utviklinga frå det juridiske fokuset til det økonomiske, der det innkjøpsfaglege står sterkare. Ein positiv biverknad vil og vere at barrieren for å ha tett dialog med marknaden vert mindre, noko som vil bidra positivt i målet om betre innkjøp og stimulering til innovasjon hjå leverandørar. Vi ser det og som positivt at val om det skal forhandlast eller ikkje kan takast etter at tilbudsfristen er ute. Her vil innkjøpsfagleg skjønn koma til sin rett for å kunne vurdere om det trengst forhandlingar eller ikkje, slik som private aktørar har det i dag. Dette vil og hjelpe med å ta vekk skilnaden mellom kva som er lovlege avklaringar og ikkje lovlege endringar av tilboda.

Vidare rår Os kommune til at alle tilbod skal registrerast skriftleg, og på førespurnad skal ein stadfesta at tilbod er motteke. Tilbudsopning blir arrangert som før, og det blir skrive ein opningsprotokoll.

Med helsing

Knut Terje Rekve
Rådmann

Terje Søviknes
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentraltbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575143

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575143	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312